
Vår referanse 2020/52180-3
Dato 22.10.2020

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE) REGION VEST
Naustdalsvegen 1B
6800 FØRDE

Fråsegn til søknad om endra utbyggingsplanar for Onarheim kraftverk

Etter Fylkeskommunen, ved seksjon for kulturarv, sitt skjønn er endringa i planane ikkje problematiske om dei held seg unna stølsvegen både i anleggsfasen og seinare. Røyr gata skal gå utanfor stølsvegen, men kan gå parallelt med denne om dei held god avstand slik at ikkje skade oppstår. Ein må også halda god avstand til vårstølen Luren som ligg nord for traséen. Det er også viktig at tiltaket vert raskt tilstelt og revegetert. Me viser til delar av høyringsuttalen vår frå 29.11.2017 sjølv om borehol vert erstatta med nedgraven røyr :

«4.1. Kulturminne og kulturmiljø Tiltaket er vurdert av Hordaland (no Vestland) fylkeskommune som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.»

Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområda. Det er kjent kulturminne frå nyare tid i nærområdet. Vårstølen Luren ligg nord for området der borehol går over til nedgraven trykkørør, men tiltaket held god avstand. Det tidlegare alternativ 2 er ikkje lenger aktuelt, så då forsvinn konfliktpotensial med Sunsstølen. Når det gjeld stølsvegen, så ser det ut frå flyfoto at det frå overgangen borehol/røyr gate og nedover er eit mindre strekk som i dag ikkje er opparbeidd som skogsveg/traktorveg. Dersom ein må krysse stølsvegen så skal det gjerast i plan med denne.

Utbygginga råkar elles ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Ut frå arkivmateriale og flyfoto, samt dei opplysingane som er tilgjengelege er potensiale for funn særst lite. Det vert difor ikkje stilt krav om arkeologisk registrering. Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Med helsing

Sølvé Dag Sondbø
seksjonssjef

Bjørnar Tjoflot
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift